

Vedlegg 3

Rapporteringskalender og styringsdialog

Rapporteringskalender:

I tråd med dei krava til rapportering og fristar som tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet stiller, skal Kommunal- og regionaldepartementet ha tilsendt desse dokumenta frå Forskingsrådet innan desse fristane:

Rapporteringsfrist	Type rapport	Merknad
1. mars 2011	Vedteke budsjett for 2011	
1. mars 2011	Fullstendig budsjettforslag for 2012	
20. mars 2011	Rapport om ev. vesentlege avvik per 31. desember 2010	
1. mai 2011	Årsmelding 2010 inkludert rekneskap og melding frå hovudstyret	
15. juli 2011	Endeleg årsmelding 2010 med avsluttande revisjonsbrev frå Riksrevisjonen	
20. aug. 2011	Rapport om ev. vesentlege avvik per 30. juni 2011	
1. des. 2011	Endeleg satsingsforslag for 2013	
5. des. 2011	Oversikt over gjennomførte og pågåande evalueringar i 2011 og planlagde evalueringar i 2012	
1. des. 2011	DEMOSREG – oppsummering av resultat frå prosjekt i fase 1, og prosjekt som er avslutta etter november 2010	Særskild frist for kap. 500, post 50
25. mars 2011	Tallrapportering for 2010 på kap. 551, post 71 og kap. 552, post 72 (jf. vedlegg 4)	Særskilde fristar for kap. 551, post 71 og kap. 552, post 72
1. mai 2011	Årsrapport for 2010 på kap. 551, post 71 og kap. 552, post 72	
20. aug. 2011	Halvårsrapport for 2011 på kap. 552, post 72	
15. okt. 2011	Skisse til nye satsingsforslag for 2013 for kap. 552, post 72	
15. okt. 2011	Innspel til arbeidet med innsparringstiltak 2013 for kap. 552, post 72	

Styringsdialog

Styringsdialog knytt til kap. 500, post 50 og kap. 552, post 72

KRD vidarefører styringsdialogen i form av to styringsmøte i 2011. Departementet vil ta initiativ til desse møta. Det første møtet, om våren, skal i hovudsak handle om desse tema:

- Rapportering for førre året
- Forslag om vidareføring, oppskalering, nedskalering eller utfasing av program og tenester i 2012 og 2013. Forslaga skal vere grunngitt ut frå korleis programma og tenestene kan medverke til å nå dei distrikts- og regionalpolitiske måla som departementet har fastsett. Forslaga skal også synleggjere prioriteringar og konsekvensar ved uendra, auka eller reduserte rammer

Møtet om hausten skal i hovudsak handle om desse tema:

- Statusrapport: Forskingsrådet skal gjere munnleg greie for gjennomførte tiltak og om bruk av midlane i samsvar med dei styrings- og oppdragsbrev som Forskingsrådet har motteke frå departementa
- Budsjettet for år 2012, med utgangspunkt i dei distrikts- og regionalpolitiske måla
- Budsjettinnspel for år 2013, med utgangspunkt i dei distrikts- og regionalpolitiske måla: Vi ber Forskingsrådet om prioriterte innspel til innsparingstiltak og satsingar for 2013. Innspelet til satsingar skal vere grunngitt ut frå korleis programma og tenestene kan medverke til å nå måla. Innspelet til innsparingstiltak skal gi uttrykk for reelle prioriteringar, og det skal gjerast greie for konsekvensane av tiltaka. Innspelet skal også gi ei oversikt over utfasing av program og tenester i 2013